



MØTEBOK 02/26

UNGDOMSRÅDET

Møtedato: 23.04.2026
Møtestad: Sula rådhus

Møtetid: Kl. 15:30 - 19:30
Saksnr.: 006/26 – 009/26

Følgjande medlem møtte**Parti**

Arlen Ingeborg Digernes
Edle De Iacovo
Joachim Parami Brandal
Kristian Vårdal Nossen
Maria Lillebø Baar
Marika Zawadzka
Nickolai Ekroll
Olivier Karkoszka
Sokrates Leon Nordal Meling

Møteleiar:	Olivier Karkoszka
Frå administrasjonen:	Kommunedirektøren sin kontaktperson Camilla Vatne, rådgivar Plan byggesak og geodata Cecilie Solli, rådgivar Plan byggesak og geodata Irene Graskopf, rådgivar politisk sekretariat Frode Elias Synnes
Innkalling:	Innkalling med sakliste er sendt ut på førehand.
Sakliste:	OK
Utlevert i møtet:	-
Diverse:	Orienteringane om Kommuneplanen sin arealdel (KPA) og om tilbodet «Familie- og ungdomsstøtte» vart kjend etter innkalling vart sendt ut. Desse er omtala under «Sak 009/26: Eventuelt – spørsmål – orienteringar»

Saksliste

Saksnr.	Sakstittel	Gradering
006/26	Godkjenning av møtebok nr. 01/26	
007/26	Årsmelding 2025	
008/26	Medverknad for temaplan frå ungdomsrådet i Sula kommune	
009/26	Eventuelt - spørsmål - orienteringar	

006/26: Godkjenning av møtebok nr. 01/26

Møteboka blir godkjent.

Behandling i Ungdomsrådet 23.04.2026

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

UR - 006/26 Vedtak:

Møteboka blir godkjent.

007/26: Årsmelding 2025

Kommunedirektøren si innstilling:

Sula ungdomsråd vedtek årsmelding for 2025 slik ho ligg føre.

Årsmeldinga blir sendt vidare til kommunestyret til orientering.

Behandling i Ungdomsrådet 23.04.2026

Årsmelding 2025 vart gjennomgått. Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedteken.

UR - 007/26 Vedtak:

Sula ungdomsråd vedtek årsmelding for 2025 slik ho ligg føre.

Årsmeldinga blir sendt vidare til kommunestyret til orientering.

008/26: Medverknad for temaplan frå ungdomsrådet i Sula kommune

Kommunedirektøren si innstilling:

Ungdomsrådet tek planarbeidet med temaplan for naturmangfald til vitande og ber om at deira medverknad med innspel blir tatt med i arbeidet.

Behandling i Ungdomsrådet 23.04.2026

Rådgivar Cecilie Solli orienterte om planarbeidet. Ungdomsrådet arbeidde deretter i grupper med spørsmål utarbeidde på førehand, før dei leverte individuelle innspel til vidare bruk i planarbeidet. Ungdomsrådet ber om at deira innspel vert lagt fram for plan- og miljøutvalet til orientering for å vise kva ungdomsrådet har gitt innspel til.

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedteke.

UR - 008/26 Vedtak:

Ungdomsrådet tek planarbeidet med temaplan for naturmangfald til vitande og ber om at deira medverknad med innspel blir tatt med i arbeidet.

009/26: Eventuelt - spørsmål - orienteringar

Spørsmål og orienteringar vart tatt til vitande.

Behandling i Ungdomsrådet 23.04.2026

Rådgivar Irene Graskopf innleia møtet med ei orientering om kommuneplanen sin arealdel (KPA). Ho heldt ein presentasjon, og rådet fekk høve til å stille spørsmål og dei fekk informasjon om korleis dei kan kome med innspel til planen.

Rådet har nyleg fått tilgang til Acos Møteportal+, og rådgivar Frode Elias Synnes gav ei kort innføring i bruken av verktøyet.

Rådet fekk også besøk av leiar for helsestasjonen, Berit Nesseth Otterlei, som orienterte om det nye familie- og ungdomsstøtteteamet i kommunen (oppretta januar 2026). Rådet fekk høve til å stille spørsmål og kome med innspel.

Avslutningsvis delte Kristian og Marika erfaringar frå ungdommens fylkesting (UFT) i Molde i mars.

UR - 009/26 Vedtak:

Spørsmål og orienteringar vart tatt til vitande.